

Svar på Gravemelding

Ønska oppstart:	Venta avslutta:	Type aktivitet:

Kart som viser aktivitetsområdet:

Eg viser til melding frå deg om graveaktivitet. I området det vert vist til har Kvinnherad kommune registrert vass- og avløpsleidningar. Sjå vedlagte kartutsnitt.

NB Leidningane er ikkje innmålt, men teikna på antatt plassering. Det kan difor vera avvik frå teikna plassering til kvar leidningane ligg.

Når det skal gravast nær leidningane skal det vera med mannskap frå kommunen. Ring vår Avdelingsleiar 901 26 768 minimum to virkedagar før graving, for å avtala tidspunkt. Dersom ein avdekker eksisterande røyr under arbeid, kontakt landmålar/GIS-ansvarleg Christina Jacobsen på tlf. 467 46 205 for innmåling.

Vil også gjera merksam på at det kan vera private vass-, spillvass- og overvassleidningar i området som ikkje er registrert hos oss. Skulle dette gravearbeidet avdekka vass-, overvass- eller spillvassleidningar ynskjer me at de kontaktar oss slik at desse vert registrert.

Gjeld gravearbeidet etablering av nye konstruksjonar gjeld VA-norm for Kvinnherad kommune kapittel 4.4: Leidningar skal ikkje liggja nærare hus eller andre konstruksjonar enn 4 mtr. Dersom dette likevel er naudsynt, skal beskriving med teikningar og utrekningar vere godkjent av VA ansvarleg i kommunen før arbeidet vert iverksatt/starta opp. Søknad om dispensasjon frå VA-norma må sendast inn til oss. Ved etablering av nye kablar skal det vera ein minimums avstand på 1 mtr til offentlege leidningar.

Dersom det skal gravast i kommunal veg/grunn for framføring av kablar og leidningar, må det søkjast særskilt om graveløyve. Søknadsskjema for dette finn du på Kvinnherad kommune sine heimesider.

